



Hms Holding AS
Forskjønnelsen 7
5022 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/5381 - 22/17

Saksbehandlar:
Kjell Rune Standal
kjell.rune.standal@alver.kommune.no

Dato:
03.01.2022

Utsending av matrikkelbrev for gbnr 319/70

Viser til oppmålingsforretning den 13.12 2021.

Forretninga gjaldt oppretting av ny matrikkeleining frå gbnr 319/67 der ny matrikkeleining gbnr 319/70 er oppretta i grunnboka.

Innmålte grenser er no ført i matrikkelen. Vedlagt er matrikkelbrev for gbnr 319/70, kopi av protokoll for oppmålingsforretning, signert partsliste og alle dokument frå kartverket tinglysing.

Eit matrikkelbrev er ei utskrift av matrikkelen som viser alle registrerte opplysningar om ei matrikkeleining (eigedom) ved oppgitt dato. Matrikkelen er landets offisielle register over fast eigedom. Sjå www.kartverket.no for meir informasjon om matrikkelen.

De kan no skriva skøyte på eigedomen. Dette må sendast til tinglysing, «Kartverket Tinglysing, pb. 600 Sentrum, 3507 Hønefoss.»

Ein gjer merksam på at skjema for eigenfråsegn om konsesjonsfridom ved tileigning/ kjøp av fast eigedom må fyllast ut av kjøpar og leverast kommunen for registrering i matrikkelen, før skøytet kan tinglysast.

Relevant utdrag av matrikkelbrevet er sendt til aktuelle partar i saka.

Eigedomen er å finna på www.seeiendom.karverket.no og www.nordhordlandskart.no

For evt. spørsmål kan de ta kontakt med sakshandsamar på telefon 97603544 eller epost kjell.rune.standal@alver.kommune.no

Klage:

Denne avgjerdsla er et enkeltvedtak som kan klagast over, [jf. matrikkellova §46](#).

Klage skal stilast til Statsforvaltaren, men sendast til kommunen. Klagefrist er tre veker frå motteke brev.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Kjell Rune Standal
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Signert partsliste
319_70_matrikkelbrev
20215381-Protokoll
20215381Kartvedlegg_1
Melding til tinglysing og grunnboksutskrift
Erklæring om rett til fast eigedom og kart
Retur av tinglyst dokument

Mottakarar:

Hms Holding AS

Forskjønnelsen 7

5022

BERGEN